

REFERAT FRÅ FAU-MØTE VED KLEPP UNGDOMSSKULE 24.APRIL 2017

Tilstades: Øyvind Braut, Thomas Hebo, Elin Oftedal Braut, Arild Ollestad, Kjetil Myklebust og Gunnvald Salte Falkum

Sak 1: Godkjenning av referat.

Referatet blei godkjent.

Sak 2: Informasjon frå rektor:

- Mange av lærarane har søkt om vidareutdanning, og dette fører til noko utfordringar når det gjeld lærarkabalen for neste år. Kven som får innvilga vidareutdanninga blir ikkje klart før uti mai.
- Rektor, Marit Sørensen, er sjukemeldt ut resten av skuleåret.
- Økonomi: Ligg bra an i.f.t. budsjett. Langtidssjukemeldingar blir fort dyrt, men skulen prøver å få til stabile løysingar der det går an.

Sak 3: Status komite til 10.klassefest:

Det har blitt avholdt møte der alle foreldrekontaktane på trinnet møtte. Det blei bestemt kven som skulle sitje i festkomiteen, og planlegginga av festen er godt i gang.

Sak 4: Plan for nytt skuleår - kva gjer FAU/skulen

- FAU stiller på vervekampanje på foreldremøte til neste års 8.trinn. Treng 2 representantar frå dette trinnet til å sitje i neste års FAU.
- FAU treng ein representant for neste års 10.trinn. Alle tenker på gode kandidatar til neste møte.
- FAU har ønske om at skulen arrangerer ein samling med foreldrekontaktar tidleg på hausten, der tema bl.a kan vere forventningar/oppgåver til foreldrekontaktane og tips og idèar til sosiale arrangement for klassane.
- Årsmøte: jobbar med tema. Tar det opp på neste møte. Forslag til dato for årsmøte er 30.august.

Sak 5: Info frå Kommunalt FAU: Ingen info. Ventar på referat frå forrige møte.

Sak 6: Orientering flaggstang:

Leiar i 17.maikomiteen har vore i kontakt med kommunen angående at dei ønsker flaggstang til skulen, men kommunen er ikkje villig til å hjelpe med denne saka.

Sak 7: Tilbod frå Lions Club:

Tilbyr å sponse kurs for skulen i Det er mitt val, som er eit opplegg for sosial kompetanse. Skulen takkar nei til tilbodet, i og med at dei allereie har eit stort program for sosial kompetanse, Respekt.

Neste FAU-møte er måndag 29.mai kl.18.30.

Saker:

-Årsmøte: tema og fastetjing av dato

Referent – Elin Oftedal Braut